

Notat

Dato: 01.10.2018
Arkivsak: 2018/14533-1
Saksbehandlar: sillyng

Meldingssak om innhald i møteprotokoll frå fylkessekretariatet

Fylkessekretariatet har i dei siste åra forsøkt å forenkla og forbetre møteprotokollen til det beste for både politikarane og administrasjon. Ein har særleg ønskja å forbetre prosessen rundt spørsmålsinstituttet slik at det kan leggjast til rette for at politikarane kan nytte sin politiske innflytelse i størst mogeleg grad. Gjennom erfaring og praksis har Fylkessekretariatet opplevd at løysinga slik den er i fylkestinget er ei god tilnærming, og som også politikarane er nøgd med. Dette inneber at politikarane får mogelegheit til å sende inn spørsmål på førehand innan ein gitt tidsfrist og at ein da vil få skriftleg svar på spørsmåla.

I samråd med fylkesrådmann og fylkesordførar i Hordaland Fylkeskommune er det på denne bakgrunn bestemt at spørsmål som politikarane ønskjer skriftlig svar på i dei faste utvala, må komme inn skriftleg til folkevalde.no **innan kl. 09:00 seinast to dagar** før møtet. Spørsmåla vil da bli publisert på e-politiker med svar på same måte som i fylkestinget i dag. Spørsmål som kjem **etter** fristen vil måtte stillast munnleg i møtet og vil bli svart ut munnleg underveis i møtet. Alternativt kan ein heller få spørsmålet svart ut skriftleg til neste møte. Spørsmåla vil bli protokollert etter referatsakane i protokollen.

Når spørsmåla er svart ut vil dei bli publisert på hordaland.no under eit eige meny punkt under politikk – saker, saksgang, politisk møte. Spørsmåla med svar vil bli gruppert etter utval og dato slik at det skal vere enkelt å finne igjen. I tillegg vil ein finne igjen spørsmåla og svara i møteprotokollen når denne blir publisert.

Fylkessekretariatet har på denne bakgrunn laga ei oversikt over kva møteprotokollen inneheld.

Møteprotokollen skal i utgangspunktet vere ei oversikt av kva som blei gjort i møte og har som formål å gjere det enkelt for politikarane (og allmenneiga) og finne igjen kva som blei vedteke samt finne fram til eigne forslag og korleis det blei røysta. Møteprotokoll er såleis ikkje eit referat og skal i utgangspunktet ikkje innehalde meir enn det som er naudsynt for å sjå resultatet av ei sakshandsaming.

Kva møteprotokollen inneheld:

Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

- Merknadar om feil eller manglar vil protokollerast. Dersom ei referatsak blir vedteke satt på sakskartet for realitetsbehandling, så vil det protokollerast her.

Godkjenning av møtebok førre møte

- Merknadar om feil eller manglar vil protokollerast

Referatsaker

- Møteprotokollen vil stadfeste at referatsakane «vart referert» utan noko ytterlege merknader.

Spørsmål

- Skriftlege spørsmål med svar innmeldt til folkevalde.no innan kl. 09:00 seinast 2 dagar før møtet vil bli protokollertast.

Politiske saker til behandling

- Fylkesrådmann sitt forslag
- Innstillingar frå underutval
- Habilitetsvurdering: Vurdering av habilitet vil bli protokollert under den saka det gjeld.
- Forslag (alternativ, tillegg, endring). Forslaga bør alltid leverast skriftleg
- Oversendingsforslag knytt til saka som er under behandling
- Kven som røysta på kva
- Om det er vedtak eller innstilling
- Sjølvve vedtaket eller innstillinga
- Protokollmerknadar (røysteforklaring)

Ymse

- Oversendingsforslag. Bør leverast skriftleg
- Prisutdelingar
- Fråsegn